

Vaksenopplæringa i Austevoll

Vivi Haraldseid

5392 Storebø

55081292.

Til Innvandringsavdeling KRD

v/Rønnaug Eitrem

Høyringsuttale til: *Forskrifter knyttet til rett og plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere og forskrift om nasjonalt personregister for deltakelse i introduksjonsprogram og opplæring i norsk og samfunnskunnskap*

Nasjonalt introduksjonsregister.

Ber om eit nasjonalt registreringsskjema med berre dei registreringar som er naudsynt.

Fritak frå rett og plikt.....Ber om nasjonale testar for eventuelle fritak for opplæring.

For elevar med rett og pliktOgså nasjonale testar for kvalifisering til opplæring ut over 300 timar.

Kostnad for kommunen til opplæringa må vurderast. Persongruppa som melder seg til opplæring har minka, au-pair og arbeidsinnvandrarar var ei stor gruppe tidlegare. Dei arbeidde godt på norskurs og var ressurspersonar i gruppa og heva nivået for

alle studentane. Økonomisk vert gruppene for små i små kommunar. Vi kan ikkje senda småbarnsforeldre med båt og buss til nabokommunar.

- Ber og om ei tilbakemelding om korleis små kommunar klarer å gje 50 timar samfunnskunnskapsundervisning på mange ulike språk.

- Ber om ein nasjonal sats for opplæringstimar for dei som skal ha busettingstillatelse og statsborgarskap og som ikkje har rett til gratis opplæring, berre plikt eller som har mista rett til gratis undervisning men har plikt til 300 timar

Ynskjer klare døme på kven som ikkje høyrer til i gruppa gratis undervisning og kven som har plikt, ikkje rett til gratis undervisning.

Oversikten på personregisteret er vanskeleg å sjå for studentane sjølv.

Helsing lærarane ved Vaksenopplæringa i Austevoll

Karine Montmartin, lærar

-

